

## Årsmelding FAU 2023-2024

· Sist årsmøte vart halde 06.06.23, kun styret møtte. Årsmøtet for inneverande skuleår vert 04.06.24.

· FAU har behandla 20 saker sidan sist årsmøte og hatt 8 møte. Ein konstituerte seg slik:

Grete Gerritsen – leiar

Øyvind Søyland – nestleiar og skulemiljøansvarleg

Ailin Skårlund – kasserar

Elena M Sikveland – skyss-/trafikk-kontakt

Maiken Grannes – SFO-kontakt

Serina F Sikveland – styremedlem

Knut Undheim – sekretær

· Sakskartet har vore prega av skulen sin krevande drifts-/personal-/ressurssituasjon. Spørsmål omkring bruken av digitale verktøy i undervisninga har òg vore ein gjengangar.

· Eldre- og foreldrefest vart avvikla hhv 13. og 14.12.. Deltakinga på eldrefesten var god (135 pers), medan foreldrefesten hadde lågare oppslutning enn venta (ca 200 pers). Dette året sat ikkje elvane klassevis, men saman med eigne foreldre – dette fungerte stort sett bra.

· Aktivitetsdagen før sommaren 2023 vart helden 20.06.23. Årets aktivitetsdag er planlagt 18.06.24..

· Sommarfesten FAU har arrangert saman med skulen siste par år, vart i år avlyst av kapasitetsomsyn. FAU oppmodar foreldre å støtta opp om klassevise avslutningar.

· Det har heller ikkje inneverande skuleår vore møte i Kommunalt Foreldreutval (KFU). FAU-leiar, SU-representant/politikar Nils Martin Sikveland og Pål Undheim har saman med skulesjef og rektor hatt to møte ang den krevande situasjonen på skulen.

· SU/SMU har vore samla til 4 møte dette skuleåret.

· Ordninga for avslutning av klassekasse etter fullført 7. skuleår, vert teken opp til revisjon ved årets årsmøte i FAU som forøvrig er beramma til tysdag 04.06. kl 19. Engasjerte i saka oppmodast til å møta opp. For detaljar viser ein til FAU-referat 06.05.24.

Helsing frå leiaren; Nok eit skuleår nærmer seg slutten. Det har vore mange utfordringar på vegen i år. Eg forstår godt at det kan vere vanskeleg å vere optimistisk, men eg trur at aldri har det vore viktigare å vere akkurat det. Skulen har mange gode planer for det nye skuleåret som starter i august. Me har fått ny rektor som er glad i bygda vår og ikkje minst er ho glad for å vere tilbake på skulen vår. Saman kan me få til noko bra!

Eg vil med dette og takke alle i FAU for godt samarbeid i året som ligg bak oss. Ein stor takk går og til foreldre/foresatte som har bidratt på ulikt vis.

Eg takker no for meg i FAU og leverer stafettpinnen vidare. Det har vore lærerike og kjekke år, ikkje minst set eg pris på alle dei flotte folka eg har blitt betre kjent med.

Ønsker alle ein strålende sommar!

Mvh, Grete.